



«Namn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

Regionalt miljøprogram – søk innan 20. august

Den som har rett til produksjonstilskot, kan også søkje tilskot i Regionalt miljøprogram frå 1. august.

På dette arket finn du kortfatta, viktige opplysningar om tiltaka du kan søkje om tilskot til i miljøprogrammet. Det er viktig å sette seg inn i dei fullstendige vilkåra for dei ulike tiltaka. Du finn meir utfyllande informasjon om vilkår og satsar på www.fylkesmannen.no/mr, eller du kan kontakte din kommune. Du bør også besøke www.landbruksdirektoratet.no (tidlegare SLF).

Slik søker du

Søknaden leverer du enklast elektronisk, på www.landbruksdirektoratet.no. Ved å bruke lenka på Landbruksdirektoratet, blir du ført til innlogging via www.altinn.no og så direkte til søknadsskjemaet. Bruk gjerne BankID (nettbankbrikke) for å identifisere deg på Altinn. Du kan også bruke MinID eller Buypass (t.d. tippekort med kortlesar).

Opplysningar om føretaket er utfylte på førehand. Opplysningar som kommunen godkjente i fjor kan du bruke om att, og du får kvittering når søknaden er levert. Du finn meir utfyllande rettleiing om søknadsprosessen på www.fylkesmannen.no/mr.

Dersom du ikkje har mulegheit å søkje via internett, kan du kontakte kommunen din.

Husk at søknadsfristen er **20. august**. Søk i god tid, for det er alltid stor pågang siste dagen. Beitelaga har eigen frist.

Tiltaka du kan søkje på i Møre og Romsdal

3.1. Slått av lokalt viktige kulturlandskap

Føremålet er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifult kulturlandskap. Skjøtselen skjer ved slått. I Møre og Romsdal er det 12 område med slikt landskap. Sjå i miljøprogrammet om avgrensing av soner.

3.2. Beite av lokalt viktige kulturlandskap

Føremål og område er det same som for 3.1, men skjøtselen skjer ved beiting.

3.3. Skjøtsel av bratt areal

Føremålet er å sikre framleis drift på bratt jordbruksareal. Bruka med bratt areal er viktige i kulturlandskapet. Skjøtselen må skje ved slått.

3.4. Drift av beitelag

Beitelag som utnyttar utmarksbeite gjennom organisering av tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområda, kan søkje om tilskot til sanka dyr. Beitelaga søker innan 01. 11. Laga må innfri krav frå Einingsregisteret om organisasjonsform. Kommunen godkjenner nye lag.

3.5. Skjøtsel av slåttemark

Føremålet er å stimulere til skjøtsel av verdifulle, artsrike slåttemarker, for å oppretthalde biologisk mangfald og andre kvalitetar. Her er m.a. krav til registrering med verdi A eller B i Naturbase. Føretaket må ha skjøtelsavtale med Fylkesmannen, Miljøvernavingdelinga.

3.6. Beite av kystlynghei

Føremålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom sauebeite. Produksjonen må være godkjend av Mattilsynet.

3.7. Tilrettelegging av fuglebiotopar

Føremålet er å bidra til bevaring av trua fugleartar. Fugleartar som hekkar i slåttemark, står i fare for å bli utrydda. Tidleg slått kan øydelegge både reir, fuglar og ungar. Mest kjend er åkerrikse, men vipe og storspove er òg utsette. Oppdagar du fugleartane i enga, kan du avtale med Fylkesmannen å utsette slåttene rundt hekkeplassen til etter 01.08., og så søkje om tilskot til arealet frå miljøprogrammet. Fylkesmannen si Miljøvernavdeling godkjenner arealet.

3.8. Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

Føremålet er å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane. Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 5 veker i sommarhalvåret.

3.9. Drift av felleseter med mjølkeproduksjon

Føremålet er å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane. Når fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet delast på tal deltakarar i fellesetra. Alle som deltek med mjølkekyr i mjølkeproduksjon på setra i minst 5 veker, skal føre opp det same tal deltakarar i søknaden.

3.10. Drift av enkeltseter med foredling – tillegg til 3.8

Dette er eit ekstra tilskot til dei som driv seterdrift med mjølkeproduksjon, og som også driv med foredling av eiga mjølk ved t.d. ysting og kinning. Det skal bu folk på setra i minst 5 veker, der må vere minst 3 mjølkekyr eller 12 mjølkegeiter, og mjølka skal foredlast på setra. Setra må ha rom for overnatting, fjøs og rom for handtering av mjølka, kunngjort tilgjenge for besøk, og produksjonen må vere godkjend av Mattilsynet.

3.11. Drift av felleseter med foredling – tillegg til 3.9

Dette er eit ekstra tilskot til dei som driv seterdrift med mjølkeproduksjon på felleseter, og som også driv med foredling av eiga mjølk ved t.d. ysting og kinning. Vilkkåra er elles som for 3.10. Dei deltakarane som deltek i foredlinga, fører opp same tal deltakarar, og deler tilskotet likt.

3.12. Skjøtsel av gravminne

Føremålet er å synleggjere automatisk freda gravminne som viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleving. Gravminna må vere registrert i Askeladden, Økonomisk kartverk eller fylkeskommunen sitt arkeologiske arkiv. Gravminna må vere synlege på innmarka, må skjøttast, og kan ikkje vere sterkt skada.

3.13. Ingen/utsett jordarbeiding

Føremålet er å unngå jordarbeiding om hausten og stimulere til etablering av vegetasjon, for å redusere erosjon og avrenning frå kornareal og areal med eittårig raigras. Tilskot kan gjevast for kornareal og areal med eittårig raigras, der jordarbeidinga vert utsett til våren. Varsle kommunen innan 01.11., dersom det likevel blir utført jordarbeiding på areala det er søkt om tilskot til.

3.14. Spreiing i vår/vekstsosong

Føremålet er å redusere utslepp av næringsstoff til luft og redusere avrenning til vatn og vassdrag. Tilskot kan gjevast til føretak med husdyr, som spreier gjødsel tilsvarande minst 5 kg total-N per dekar (om lag 1,5 tonn storfegjødsel eller tilsvarande) om våren eller etter 1. slåttene. Avlinga må haustast etterpå. All spreiiing frå føretaket må vere avslutta seinast 10. august.

3.15. Bruk av tilførselslangar – tillegg til 3.14

Dersom vilkkåra i pkt 3.14 er oppfylte, kan det gjevast tilskot til føretak med husdyr, for areal der husdyrgjødsel blir spreidd med tilførselslangar i staden for tankvogn – elles som 3.14.

